

# Sport

Journalistar: Stig Roger Eide tif. 911 49 815. Rune Fossum tif. 911 49 823. Epost: sporten@firda.no

## Sjukdom stoppar aktivitet

■ **FOTBALL:** Det er ikkje berre Sogndal sitt A-lag som må melde pass når det gjeld sjukdom blant dei aktive utøvarane. Kaupanger sitt junior-jentelag måtte utsetje semifinalekampen mot Høyang på torsdag, og i helga er det også klart at sjukdom i troppen til Dagmund Evebø og Stryn gjer det umogleg å gjennomføre treningskampen mot Førde.

## Bremanger til finalen

■ **FOTBALL:** Bremanger sitt kvinnelag er klar for finalen i vinterferien for juniorar etter at dei slo Førde 2-0 i semifinalen torsdag. Stine Lise Svarstad og Hege Nygård scora for øylaget. Motstandar i finalen vert anten Høyang eller Kaupanger. Desse laga skulle spele dette innbyrdes oppgjeret torsdag, men grunna influensa-epidemi i Sogndal vart oppgjeret utsett.

# «Storehesten Opp» som NM neste år

- Vil ha 1500 deltakarar i år
- Eigen kjenningsmelodi og dans framført

**FØRDE:** – Dette var utruleg kjekt, smiler Helge Kårstad når det vert kjent at NM i motbakkelop i 2008 vert lagt til «Storehesten Opp».

STIG ROGER EIDE tekst

Motbakke-entusiastane i Gaular Idrettslag hadde lagt lanseringa av sin nye kjenningsmelodi for «Storehesten Opp» på gangbrua mellom handelshusa i Førde sentrum fredag kveld.

Og duoen Kristine Holmeffjord og Hanne Lien gav melodien til Frida Haugen løft om spenstige og luftige opplevingar på veg opp mot toppen.

### Fekk tildelt NM

Og når motbakkesjef Helge Kårstad i Gaular idrettslag rett etterpå kunne fastslå at Norges Friidrettsforbund hadde plukka ut løpet frå Bygstad sentrum til toppen av Storehesten som NM-konkurranse i 2008, var gleda stor.

– For det første var kjenningsmelodien og dansen heilt topp. Og når vi dessutan får denne stadfestinga frå sentralstyret i friidrettsforbundet, har vi nådd to viktige mål i løpet av denne februar dagen, seier Helge Kårstad og kunne ved sjølvsyn sjå at publikum tok godt i mot kjenningsmelodien for det populære motbakkelopet.

### Håpar på 1500

– Vi er jo egentleg ganske ferske i dette «gamet» og har berre

77 Vi skal vere på høgde med «Skåla Opp» i deltakartal

Helge Kårstad

arrangert eit løp. Men når vi får gjennomført vårt andre «Storehesten Opp» laurdag 30. juni i år, så håpar vi å hente endå meir erfaring, seier Kårstad og trur det skal vere realistisk å nå 1500 deltakarar allereie denne sesongen.

– Då skal vi vere på høgde med «Skåla Opp» i deltakartal. Vi veit at vi har eit godt grep om den lokale marknaden og veit at det er mange sunnfjordingar som vil til toppen av Storehesten. Og når vi dessutan fekk tildelt NM i motbakkelop for 2008, håpar vi dessutan å få eit nasjonalt gjennomslag, seier Kårstad om tildelinga av meisterskapen.

### Påmelding neste veke

Tidlegare NM i motbakkelop har vore «Skåla Opp» (2005) og «Saudehornet Opp» (2006). Meisterskapen i 2007 er lagt til «Fanaraaken Opp» i august månad.

– Og for dei som vil melde seg på til årets løp i «Storehesten Opp» så opnar vi opp påmeldinga på nettsida vår ut i neste veke, avsluttar Kårstad som neste år vil kunne sjå NM-deltakarane konkurrere opp det 1209 meter høge signaturfjellet i Sunnfjord.

stig.roger.eide@firda.no



**NM-ARENA:** – Neste år vil løpet «Storehesten Opp» få status som NM, seier Helge Kårstad. Til høgre reiselivssjef i «Reisemål Sunnfjord», Tom Farsund.

**DANSA OPP:** Duoen Hanne Lien og Kristine Holmeffjord framførte dansen til den nye kjenningsmelodien for «Storehesten Opp» på gangbrua

## Samling på Eid

■ **FOTBALL:** Fylkets beste 15-åringar på fotballbana er denne helga samla på Nordfjordeid. I tillegg til treningar på kunstgrasbana, skal det bli spelt to kampar. Jentelaget med spelarar fødde i 1992 møter Bre-manger sitt damelag, medan guttelagsspelarane møter Sandane sitt G19-lag.



## Sogndøl til Portugal

■ **ORIENTERING:** Christian Frøy frå Sogndal er for tida på landslags-samling i Portugal. Frøy er tilsett som trenar for orienteringsforbundet si satsingsgruppe «VM 2010-gruppa», og gruppa skal ha tilhald på den iberiske halvøy fram til 4. mars. Samlinga er lagt til ein mindre by aust for Lisboa i Portugal.

## Varmen er sett på

■ **FOTBALL:** Denne veka sette banemeister Knut Christensen på undervarmen på Fosshaugane Campus. Det er omtrent ein måned til generalprøva mot LøvHam på grasbana 1. april, og i midten av mars måned håpar Christensen at dei første grasspillerne skal vere synlege. Første obligatoriske kamp for Sogndal i årets sesong, er heimekampen mot Molde 9. april.



mellom handelshusa i Førde sentrum fredag kveld.

Begge foto: Stig Roger Eide

## Wayne Rooney-trenar kjem til fylket

**FOTBALL:** I midten av mars måned er det høve til å få impulsar av Tony «Tosh» Farrell frå Everton. Han har vore vore med å utvikla Manchester United-stjerna Wayne Rooney.

STIG ROGER EIDE tekst

Når fotballkrinsen i midten av mars måned kan invitere fotballinteresserte til seminar i Måløy, Florø og Sogndal med Tony Farrell frå Everton sitt fotballakademi som forelesar, så reknar dei med fulle hus.

### Ein attraksjon

– Tony «Tosh» Farrell er ein attraksjon på området, og har vore svært sentral i eitt av Englands beste fotball-akademi, seier Per Are Verlo i fotballkrinsen og viser til at engelskmannen si vitjing i Norge skuldast kontaktar som vart knytt i Liverpool-klubben i fjor haust.

– Vi hadde ein studietur til Liverpool og Everton-akademiet i fjor haust, og gjorde då avtale om at Farrell skulle komme til Norge i mars måned. Og som sagt, så gjort, smiler Verlo om impulskurset som vert avvikla i løpet av tre dagar.



Tony «Tosh» Farrell.



STJERNE: Tony «Tosh» Farrell er mannen bak Wayne Rooney. I midten av mars måned kjem Farrell til Sogn og Fjordane og skal halde kurs i Måløy, Florø og Sogndal. Foto: ANB

– Vi startar opp fredag 16. mars i Nordfjordhallen i Måløy, held fram i Florø idrettssenter laurdag 17. mars og avsluttar seansen med seminar i Sognahallen søndag 18. mars, seier Per Are Verlo.

### Svært etterspurd

Tony «Tosh» Farrell er svært etterspurd som instruktør og har gjennom si erfaring med unge talentfulle utøvarar utvikla ein unik måte å trene spelarar på.

– Det å oppleve han på treningsfeltet er utruleg spennande. Difor håpar vi at så mange som mogleg i fotballfamilien møter opp for å få impulsar av denne engasjerte trenaren. Gammel som ung, avsluttar Per Are Verlo i Sogn og Fjordane Fotballkrins.

stig.roger.eide@firda.no

## 200 nye billetter

**HANDBALL:** – Vi vil auke kapasiteten i Førdehuset i samband med landskampen neste helg, og opnar no for sal av 200 ekstra billetter, seier Arvid Gimmedstad.

STIG ROGER EIDE tekst

Etter at billetsalet til handballlandskampen i Førdehuset laurdag 3. mars, vart stoppa i byrjinga av februar måned, har håpefulle gått og venta på at det skulle komme ekstra billetter ut i sal. Og fredag ettermiddag kom gladmeldinga.

– Og no kan vi glede folk med at vi legg ut 200 billetter til sal i Førdehuset. Vi har leigd inn ekstra tribune frå Askøy i Bergen, og legg dessutan opp til at det skal vere fleire ståplassar enn planlagt. Dette er motivert ut frå at vi vil at så mange som mogleg skal

få sjansen til å sjå EM-heltane, seier Arvid Gimmedstad og er svært glad for responsen blant publikum.

– Eg tør nesten ikkje tenkje på kor mange tilskodarar vi kunne ha fått inn i Førdehuset viss billetsalet hade vore ope. No måtte vi stoppe det då responsen frå klubbane nesten tok heilt av, seier Gimmedstad og viser til at nesten 1800 billetter har gått ut gjennom klubbtilbodet.

– Dessutan har vi fått redusert talet billetter til våre samarbeidspartnere. Det betyr at vi i dag har seld billetter til litt i underkant av 2900 tilskodarar. Men med dei nye tribunene kan vi auke kapasiteten til 3100. Men då vert det stopp, seier Gimmedstad og ber om forståing for at nokre av desse billettane vert ståplassar.

– Når vi først får hove til å sjå EM-heltane her i Sogn og Fjordane, trur eg dei fleste aksepterer at dei må stå ein times tid.

stig.roger.eide@firda.no